

Uteskule Ulvatjørn

Fredag 12. juni skal me på uteskule til Ulvatjørn. Der skal me leita etter artar i vatn og på land, i samband med temaet «Mangfaldet i naturen» som me har arbeidd med i naturfag. Me går ut i første økt og er der resten av skuledagen.

Det kan vera lurt å ha med seg ein liten boks, der ein kan samla dei insekta ein finn i vatnet, slik at det blir lettare å bestemma kva art det er. I tillegg må ein sjekka Yr.no kvelden før og kle og sko seg etter vèret.

Viss nokon vil prøve fiskelukka tek ein med seg fiskestong.

I sekken bør du ha med deg:

- Mat (matpakke eller t.d nudler)
- Drikke (vatn, saft)
- Ventegenser
- Ekstra sokkar
- Boks til insekt
- Sitjeunderlag
- Pose til søppel

Mvh Gjert og Jo

